

**INFORMASJON**  
Kommuneval 2023



# SAMMEN for kvarandre

Tid til det viktigaste





Foto: Harald Skjøng Kroken

## SAMMEN for kvarandre

### **Signe Marie Fosli Stenseth**

1. kandidat

Jobbar i Open iT Norge AS, eit internasjonalt programvare-selskap med røter i Tokke. Har vore helse- og sosialsjef i Tokke før familien flytta til USA og kom tilbake etter 11 år.

Saker eg brenn for er menneskeverd, naturvern og eit levedyktig og godt lokalsamfunn. Med 5 guitar i alderen 16-25 år veit eg kor viktig nærmiljøet er for trivsel og utvikling. Eg vil arbeide for at alle – i alle aldrar – kan ha eit aktivt liv og godt lokalmiljø.

### **Ellen Ofte Jakobsen**

2. kandidat

Jobbar med omsetjing og språkvask i mitt eige einmannsføretak.

At Tokke Frivilligsentral nå er ein realitet er det eg er mest nøgd med etter 9 år i Tokkepolitikken. Nå sender eg stafettspinnen vidare, men er framleis med på laget!

Som mor til 4 og bestemor til 6 er eg opptatt av gode oppvekstvilkår, for ein god barndom varar heile livet. Og barndommen byrjar i heimen. Derfor brenn eg for tiltak som støttar foreldra i den viktige oppgåva dei har, som Helsestasjonens tilbod om foreldrerettleiingskurs.

### **Åsmund Stenseth**

3. kandidat

Har variert erfaring frå privat næringsliv og offentleg forvaltning.

Eg brenn for å utvikle eit mangfaldig, lokalt næringsliv. Tokke har ressurser og kvalitetar som kan gje eit sterkare grunnlag for reiseliv, handel og industri. Mange mindre, lokale verksemder slit med dårleg lønsemeld, og mi hovudoppgåve vil vera å tale heile næringslivet si sak.

# TOKKE KRF – KVA VIL ME?

## Livskraftige lokalsamfunn

- Støtte tiltak for varig auke i folketalet
- Jobbe for oppmuking og differensiering av buplikt på bustadhus
- Styrke detaljhandelen gjennom bruk av næringsfondet
- Aktiv marknadsføring av næringsareal og bustadtomter
- Gje Tokke Frivilligsentral vilkår for vidareutvikling


## Natur, miljø og folkehelse

- Formidle kunnskap og forvalte naturressursane i Tokke på ein god måte for framtidige generasjonar
- Støtte landbruket og andre naturbaserte næringar
- Fleire ladepunkt for el-bilar
- Fleire merka turvegar og turvegar tilrettelagt for rørslehemma

## Helse og omsorg

- Styrke dagtilbodet for heimebuande
- Betre tilrettelegging for rørsle-, hørsels- og synshemma i offentlege bygg
- Vidareutvikle kompetansen innan rusomsorg og psykisk helse
- Sjå til at forsterka omsorgsbustad(er) blir ein realitet

Foto: Ellen Ofté Jakobsen



## Barn og unge

- Innføre kommunalt fritidskort for alle barn i Tokke
- Følgje opp «Frå haldning til handling»-planen med m.a. foreldrestøttande tiltak og tiltak som førebygger psykisk uhelse og rusproblem
- Halde nede prisen på barnehage og SFO
- Sikre sommarjobb for all ungdom frå og med 15 år

## Tokke – ein stad å høyre til

- Støtte frivillige lag og organisasjonar, og vidareutvikle kommunens informasjonsplattform så det blir lett å finne og bli med i dei ulike tilboda
- Styrke samarbeidet mellom barnehagar, skular og kyrkja, inkludert skulegudstenester eller liknande
- Ta vare på og utvikle kyrkjebygg og gravlundar

# TI GODE GRUNNAR

## til å stemme KrF

### 1. Verdiar som varer

KrF vil ta vare på verdiane Noreg er bygd på, for vi kan ikkje ta dei for gitt. Kjenner vi røtene våre, er vi òg tryggare i møte med nye menneske og kulturar. Menneskeverdet, nestekjærleiken og forvaltaransvaret er verdiar å bygge framtida på.

### 2. Tid og valfridom for familien

KrF vil vidareføre kontantstøtta fram til barnet er 2 år. Vi vil halde fram med å auke barnetrygda opp til 2000 kr i månaden for barn mellom 0 og 6 år, og til 1500 kr i månaden for dei mellom 6 og 18 år.

### 3. Eit aldersvenleg samfunn

Det skal vera trygt og godt å bli gammal i Noreg. Derfor vil KrF ha ei eige pårørandestøtte. Fleire sjukeheimspllassar må byggast og heimetenestene styrkast.

### 4. Trygg omsorg når du treng det

Noreg skal ha eit godt helsevesen som kan gi rett hjelpe til rett tid. I dag må helsepersonell springe frå oppgåve til oppgåve. KrF vil arbeide for auka rekruttering og betre arbeidskvardag for helsepersonell.

### 5. Levande lokalsamfunn med gode arbeidsplassar

KrF vil legge til rette for lokalt forankra verks- emder som gir trygge arbeidsplassar og er med på å bygge gode lokalsamfunn over heile landet. Vi ønskjer eit livskraftig landbruk som gir auka matproduksjon, betre inntektsutvikling for bøndene og styrka jordvern.

### 6. God overgang frå barnehage til skule

Ein god start på skulegangen legg grunnlaget for mange viktige barneår. KrF vil ha fleire trygge vaksne i skulen og barnehagen. Vi vil skifte ut dagens førsteklasse med ei førskuleklasse der leik, tryggleik og relasjonar har ein sentral plass.

### 7. Meiningsfull og trygg oppvekst

KrF vil innføre eit nasjonalt fritidskort som gjer det mogleg for alle barn og unge å delta i sosiale fellesskap. Stadig fleire unge slik med psykiske helseutfordingar. KrF meiner det er viktig med aldersgrense for sosiale media, og at selskapa må stå ansvarlege for at ho blir halden. Skulen skal vera mobilfri.

### 8. Menneskeverd i alle fasar av livet

Vi vil kjempe for menneskeverdet i alle fasar av livet. Ingen skal sorterast vekk! KrF vil ha betre støtte for dei som får barn som treng ekstra omsorg. Vi seier tydeleg nei til å svekke rettsvernet for ufødt liv og til aktiv dødshjelp.

### 9. På lag med dei som treng det mest

Vi vil støtte ideelle og frivillige aktørar innan mellom anna rusomsorg og tiltak for barn og unge. Dei gjer eit viktig arbeid for å førebygge problem og hjelpe menneske i ein sårbar situasjon.

### 10. Nestekjærleiken veit ikkje av grenser

KrF vil halde bistand og utviklingshjelp oppe på eit høgt nivå. Vi vil ta vare på jorda for dei som kjem etter oss. Klimakrisa er først og fremst ei kriste for dei fattige i verda. Vi i Noreg må gjera vårt for å stanse klimaendringane gjennom å kutte i våre eigne utslepp og bidra aktivt internasjonalt.

